



Ruth- Mari Lund
Statsminister Michelsensv. 58C
5230 PARADIS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/674 - 14/6954

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
24.03.2014

Avslag på søknad om reduksjon av gebyr - gbnr 137/4 Alver

Administrativt vedtak. Saknr: 41/14

Vedtak

Lindås kommune gjev avslag på søknad om reeduksjon av gebyr med heimel i gebyrregulativet punkt A4.

Søknaden:

Lindås kommune har den 14.02.2014 motteke søknad om reduksjon av gebyr på kr. 14.200,- gjeve i løyve datert 27.11.2013 som gjeld dispensasjon og løyve til oppføring av tilbygg til hytte.

I søknaden vert det vist til at «det jeg synes er urimelig, er den høge saksbehandlingsgebyret på kr. 14.200. Dette er en forenklet byggesøknad på 13,5 m2, og når dette er på egen tomt og påbygg til hytte fra 1956».

Vurdering:

Det følgjer av gebyrregulativet til Lindås kommune for 2013 i punkt A.4 at «*når særleg grunn ligg føre, kan det søkast om redusert gebyr. Søknad om nedsetting av gebyr utsett ikkje betalingsfristen. Personlege/sosiale høve reknast ikkje som særleg grunn*».

Ordlyden ”særleg grunn” tilseier at det må foretas ei konkret vurdering i den einskilde sak, og det må liggja føre sterke grunnar for kunne fastsetje eit redusert gebyr.

Det vert presisert at det fastsette gebyra i sakene er korrekt i forhold til gjeldande gebyrregulativ for Lindås kommune.

Det vart sendt inn søknad om oppføring av eit mindre tiltak på eksisterande hytte. Etter at etterspurt dokumentasjon vart sendt inn av søkjar, vart det gjeve dispensasjon og løyve til tiltaket i vedtak datert 27.11.2013.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Tiltakshavar har sendt inn søknad som er hansama av kommunen, og det er fastsett gebyr i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ for 2013. På bakgrunn av dette og ei heilskapleg vurdering av momenta i søknaden meiner kommunen at det i denne saka ikkje ligg føre grunner som medfører at gebyret er å rekna som urimeleg, og at det ikkje er grunnlag for reduksjon av gebyret.

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ruth- Mari Lund

Statsminister 5230
Michelsensv. 58C

PARADIS